

**Tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja**  
**Høyringsfråsegn frå Sveio Sokneråd, Sunnhordland, Bjørgvin**

Sveio sokneråd har drøfta og handsama saka og takkar for høvet til å gje fråsegn om tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja.

Det har ikkje vore mogleg for oss å gje ei eintydig og einstemmig fråsegn frå Sveio sokneråd. Utvalet er breidt samansett, og gjev difor nok eit godt speilbilete på tankar og meiningar i samfunnet elles. Tilstades ved handsaminga var åtte leke og ein geistleg representant, alle med stemmerett.

Vi har nokre kritiske merknadar og innvendingar til høyringa.

Skjema representerer ein forenkling som ikkje kan favne forskjellige nyansar og synspunkt. Skjema burde har vore utforma anleis for å kunne brukast i ulike høyringsinnstansar. Det er og vanskeleg å vite kva forutsetningar som ligg bak kvart spørsmål. Er det "i tilfelle skille" eller er det "uansett" kva som blir relasjonen stat-kyrkje?

Vidare her ønskjer vi difor å utvide skjemaet sine spørsmål med nokre kommentarar.

**1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros-og livssynspolitikken?**

Sveio sokneråd meiner at eit tydeleg uttalt verdigrunnlag/ein verdiparagraf i grunnlova er det overordna viktige. Dette er eit einstemmig syn i rådet. §2 i Grunnlova er eit slikt tydeleg uttala verdigrunnlag. I ein situasjon der denne paragrafen ikkje lengre skal styre religionspolitikken, er det viktig at det kjem ein tilsvarende tydeleg lovparagraf som rammer inn, og som ikkje er gjenstand for skiftande tolkingar. Det uttalte verdigrunnlaget og lovparagrafar må gjere det lett å være trus-og livssynssamfunn i Norge, ikkje vanskelegare. I ein verdiparagraf må det kome fram at Kristendommen er den offentlege religionen i Norge og at den evangelisk lutherske kyrkja er i ein særstilling for å ivareta folket sitt religiøse behov.

**2. Den norske kirke som statskirke**

Stemmetal er oppgjeve på skjema.

Sveio sokneråd er ikkje samstemt i om Den norske kyrkja bør fortsette som statskyrkje.

Til å kunne gi uttale om dette har halve rådet sagt at dei ikkje veit nok om konsekvensane til at ein vil seie ja eller nei. Nokre konsekvensar ved eit skille kan ein dikte om, andre ser ein kanskje meir og mindre tydeleg.

Trur det går an å seie det slik som uttrykk for soknerådet si delte meining: Vi veit kva vi har men slett ikkje kva vi får.

**3. I hvilken lov bør den norske kirke være forankret?**

Soknerådet er ikkje einstemmig. I spørsmålet er det ikkje gjort klart om det skal gjelde ein situasjon der Stat og kyrkje blir delte frå kvarandre, eller om Statskyrkja fortsett.

Uansett seier 4 i rådet at ein eigen kyrkjelov vedteken av stortinget vil være hensiktsmessig om kyrkja og stat vert skilte.

**4. Hvordan bør den norske kirke finansieres?**

Soknerådet er ikkje einstemmig. Stemmetal på skjema. Fleirtalet vil at det offentlege skal finansiere kyrkja fullt og heilt. Eit mindretal meiner offentleg finansiering saman med medlemsavgift er det rette. Ein veit ikkje. Dette opplever vi som eit svært springande punkt og gjer det vanskeleg å slutte seg til eit eventuelt skille.

### **5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

Ikkje einstemmig. Fleirtalet går inn for meir direkte val til besluttsende organer. Ein meiner at valordninga må være som no, tre veit ikkje.

Fleirtalet tenkjer seg at ved å bruke meir direkte val kan ein være med på å påvirke kyrkja sin profil i større grad. Då har den som har stemmerett moglegheit til å stemme på sin person til t.d. Kyrkjerådet, og ikkje som no at bispedømerådet vel folk til KR.

### **6. Dersom statskirkeordningen avvilkles.... Hva bør stå i §2 i Grunnloven til tillegg til prinsipept om religionsfrihet?**

50% i Sveio sokneråd ønskjer å behalde statskyrkja. Den andre halvdel er samd i at kristendommen framleis må være den eine offentlege religionen i landet. I tillegg til avkryssingsspora ønskjer vi å uttale at det må være ein paragraf som gjev Den kristne tru og religion ei særstilling i landet.

### **7. Hvem bør stå for gravferdsforvaltningen?**

Einstemmig at dette bør være kommunen si oppgåve. Gravferd er noko av det som gjeld alle innbyggjarar i landet. Kvant trus og livssynsamfunn kan prege gravferder på sin eigen måte.

### **8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

Dette er eit spørsmål vi ikkje kan eller vil svare på. Kyrkja må eige kyrkjebygga, men med den bygningsmassen vi lokalt har har soknet ikkje noko moglegheit til å vedlikehalde utan hjelp frå kommunen/ det offentlege.

Kyrkjetilsette skal ikkje være museumsbestyrarar i gamle og ikkje alltid brukbare bygg. Kyrkjebygg må passe for vår tid. Kyrkjetilsette og Sokneråda skal syte for eit levande kyrkjelydsliv

Vedlikehald av gamle kulturminne må være stat og kommune si oppgåve. Kyrkja skal fylle husa med liv.

Sveio sokneråd 6. oktober 2006-10-06

  
Edvin Reiersen  
leiar

Sveio Sdneråd, Bjørgvin  
26.9.06

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Sveio sokneråd

### Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Eit klart uttalt verdigrunnlag. Ein verdiparagraf som ikkje er gjenstand for vilkårleg tolking.

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- 4 Bør fortsette
- 1 Bør avvikles
- 4 Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- 4 Grunnloven
- 4 Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- 1 Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- 3 Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- 5 Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- 1 Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- 1 Valgordningene bør være som i dag
- 5 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare